



# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Sak nr 39/2011

Møtedato: 10.10.11

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S974

## S974, Kvåsstolen – søknad om oppføring av sel

Steinar Lagrud søker om å få føre opp nytt sel på 96 m<sup>2</sup> (BYA) etter at selet brann ned i haust. Teikningar og kartskisse er lagt ved søknaden.

Stølen er i bruk ved mjølkeproduksjon og søknaden skal behandlast etter § 10 i stølfsforskrifta der det heiter:  
*Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn. Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.*

Oppland fylkeskommune har i brev datert 6.10.11 gjeve følgjande uttale:

### Vurdering

*Ved behov for meir areal og endringar på bygningsmiljø i stølsmråde er det viktig at tradisjon følgjast. Dei vedlagde teikningane viser at det planlagde nybygget utvidast både i lengda og breidda i forhold til gjenståande del av det nedbrente selet. Stølsbygninga har tradisjonelt vore enkle bygningar, og har som regel vore bygd og utvida i lengda. For å oppretthalde stølsmiljøet ser Kulturarveininga det difor som vesentleg at det ikkje byggjast i vinkel<sup>1</sup>, også med tanke på den opphavlege bygningsforma til det nedbrente selet. Omsøkte tiltak vurderast elles til å ha for stort bygningsareal, på totalt 119,6 kvadratmeter.*

Søknaden sine teikningar viser utskjeringar nokre stader på fasaden. Det er ikkje tradisjon for mykje utskjering og dekor på stølsbygninga i Valdres. Basert på teikningane er desse også av ein type telemarksutskjeringar som bryt vesentleg med byggeskikkelen i området. Vi vurderer difor omsøkte utskjeringar som uheldige.

Kulturarveininga vil i tillegg påpeike at takutstikka bør haldast til 15-20 cm og elles at material- og fargebruk på bygningen blir i samsvar med lokal tradisjon.

### Konklusjon

Oppland fylkeskommune ved Kulturarveininga vil be Fjellstyret om å setje vilkår om at bygningsarealet reduserast og at det byggjast i lengda, utan utbygg i breidda. Vi vurderer det elles som vesentleg at det nye selet oppførast med omsyn til tradisjon og lokal byggeskikk, jf. vurderinga over.

<sup>1</sup> Ein nasesval, som er eit innbygd inngangsparti, vil kunne vere i tråd med tradisjonen. Ein slik bør i så fall etablerast mot midten av bygningen, ikkje byggjast meir enn om lag 1,5 meter ut frå fasaden og fungere som inngangsparti.

Statskog tilrår i skriv den 29.9 og 6.10 søknaden, men meiner overbygd veranda bør gå ut.

Fjellstyret meiner at eit areal på 96 m<sup>2</sup> (BYA) er nødvendig ut frå drifta på stølen. Det er sterkt reduksjon i talet på bruk som held i hevd tradisjon med mjølkeproduksjon og det er viktig at det blir lagt til rette for slik produksjon.

### Vedtak:

Fjellstyret godkjenner etter §10 i stølfsforskrifta søknad om oppføring av nytt sel på 96 m<sup>2</sup> (BYA) og ber sørkjaren ta omsyn til Oppland fylkeskommune sine merknader om utskjeringar, takutstikk, material- og fargebruk.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 11.10.11

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Steinar Lagrud  
Statskog  
Oppland fylkeskommune  
Vestre Slidre kommune